

Datalagring må vera demokratisk styrt

Vedteken av SVs landsstyre 06. juni 2021.

Datasenterbransjen er på jakt etter kraft og areal, og ønskjer å etablera seg fleire stader i Noreg. Kommunar blir lokka med påstandar om at det vil gi mange arbeidsplassar, og forsøkt pressa til å bestemma seg raskt.

SV meiner det er grunn til å tenka seg nøyne om før ein eventuelt tillèt slike etableringar. Det trengst ein nasjonal strategi for datasenter i Noreg, med tydelege vilkår og krav. I tillegg trengst det gode regionale strategiar i fylka, som ser fylket under eitt og vel dei mest eigna stadene. Fram til slike strategiar er på plass seier me nei til storskala datasenter.

Det må vera opne og demokratiske prosessar rundt etablering av datasenter, og krav til rett rekkefølge i saksprosessane. Næringslivet skal ikkje vera drivar i prosessen, og lokaldemokratiet må sikrast før næringslivet legg føringar. SV vil ha openheit om kva slags verksemder datasentra skal lagre data for, til dømes om det skal vere kryptovaluta-utvinning.

Samfunnet treng datalagring, men det er ikkje opplagt at det må skje på store samanhengande areal. SV viser til at mykje datalagring allereie skjer internt i verksemder og i mindre skala. Dette er fornuftig mellom anna fordi det legg til rette for meir lokal kompetanse og faste arbeidsplassar.

Kampen om areal og kraft hardnar til, og det er eit sterkt behov for å prioritera desse ressursane til det beste for miljøet og fellesskapet. Nedbygginga av natur og matjord har allereie skapt ei naturkrise som truar livsgrunnlaget for framtidige generasjonar. Elektrisk kraft har me førebels nok av i Noreg, men også dette vil bli ein knapp ressurs i framtida.

All bruk av areal og kraft må derfor prioriterast ut frå samfunnsnytte, og brukast mest mogleg effektivt. I ein nasjonal strategi må me derfor styra etter desse prinsippa:

- Kraft må prioriterast til dei verksemdene som har lågast klimafotavtrykk og som skaper flest varige arbeidsplassar.
- Det må stillast som vilkår at overskotsvarmen blir utnytta.
- Datasenter skal i hovudsak ikkje få subsidiert elavgift slik som industrien, men må betala vanleg pris for straumen.
- Det må veljast areal med minst mogleg konflikt. Dyrka mark, innmarksbeite, reindriftsområde og andre verdifulle naturområde må vernast mot ei kvar nedbygging.
- Det må stillast krav om lokale, faste arbeidsplassar og teknologioverføring til Noreg.
- Innføre full elavgift for datasenter som driv med kryptovaluta-utvinning.
- Det bør også etablerast ei offentleg skytjeneste.